



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 27.02.2018

Sak nr.: 16/8907-11

Internt l.nr. 10838/18

Sak: 1/18

Tittel: Oppfølging - Forvaltningsrevisjon arkiv og offentlegheit

Behandling:

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit for det meste er ferdig, men at det framleis står att litt arbeid før alt er på plass.
2. Utvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018.

Handsaming i møtet:

Assisterande fylkesrådmann, Paal Fosdal, og arkivleiar, Bodil Nornes, presenterte den nettbaserte arkivplanen på skjerm og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at fylkesarkivet har vore rådgjevar i prosessen med ny arkivplan. Punkt 2b, ix, er ikkje å sjå på som ei utsetjing til 2020, men meir ei påminning om at ein også må hugse på dette i samband med samanslåinga med Hordaland fylkeskommune.

Det vart også problematisert korleis rutinane er når det gjeld saker den einskilde politikar har motteke på sin e-post i høve om det kan vera arkivverdige. Ifølge Deloitte kan ikkje Riksarkivet svare klart på kva reglar som skal gjelde i slike tilfelle.

Endringsframlegg:

Ut frå det som kom fram i orienteringa er kontrollutvalet nøgd med oppfølginga på alle punkt med unntak av punkt 2b, ix. Når det gjeld dette punktet meiner utvalet framleis at det er føremålstenleg at det vert laga ein mal for korleis eit møte kan lukkast.

Avrøysting:

På bakgrunn av dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit for det meste er ferdig, men at det framleis står att litt arbeid før alt er på plass.
2. Utvalet ber om at prosedyre for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege i tråd med vedtak punkt 2b, ix i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018.

